

**SAKSPAPIR**

Saksnr	Utval	Type	Dato
36/2016	Kontrollutvalet	PS	13.10.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roger Erlandsen	FE - 216	16/1486

TILBOD FRÅ HFK PÅ GJENNOMFØRING AV ANBODSKONKURRANSE FOR REVISJONSSTENESTE**Vedlegg:**

Tilbod sekretariatstenester for kontrollutvalet i Vaksdal kommune
Skildring av korleis vi vil gjennomføre oppdraget, unntake offentligjøring offl. §13, jf. fvtl. §13

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet bestiller kjøp av gjennomføring av anbodskonkurranse av revisjonstenester av Hordaland Fylkeskommune i samsvar med informasjon som framgår i følgjande dokumenter oversendt frå Hordaland fylkeskommune v/sekretariat for kontrollutvalet:

- «Tilbod sekretariatstenester for kontrollutvalet i Vaksdal kommune»
- «Skildring av korleis vi vil gjennomføre oppdraget»

Kontrollutvalet - Sak 36/2016**KONT - Behandling:**

Leiar for KU informerte om tilboden frå HFK. Kontrollutvalet vart einstemmig samd om å akseptere tilboden.

KONT - Vedtak:

Kontrollutvalet bestiller kjøp av gjennomføring av anbodskonkurranse av revisjonstenester av Hordaland Fylkeskommune i samsvar med informasjon som framgår i følgjande dokumenter oversendt frå Hordaland fylkeskommune v/sekretariat for kontrollutvalet:

- «Tilbod sekretariatstenester for kontrollutvalet i Vaksdal kommune»
- «Skildring av korleis vi vil gjennomføre oppdraget»

Saksopplysningar:

Sekretariat for kontrollutvalet v/Hordaland fylkeskommune (HFK) informerte i KU-møtet 11. mai 2016 om kva dei kan tilby som sekretariat for kontrollutvalet i Vaksdal kommune. Her kom det fram at HFK også kan gjennomføre anbodskonkurranse for revisjonstenester.

I KU-møtet 14. september 2016 blei det vedteke å hente inn tilbod frå HFK om gjennomføring av anbodskonkurranse for revisjonstenester.

Hordaland fylkeskommune v/sekretariat for kontrollutvalet har levert tilbod i samsvar med førespurnaden. Informasjon om tilbodet fins i deler av dokumentet «Tilbod sekretariatstenester for kontrollutvalet i Vaksdal kommune», og i pkt 10 i dokumentet «Skildring av korleis vi vil gjennomføre oppdraget».

HFK gjennomfører ein felles konkurranse om revisjonstenester for 4 andre kommunar allereie. Om kommunen ønsker å engasjere HFK til dette arbeidet vil kostnaden bli betydelig lavere med felles konkurranse enn om arbeidet kun utføres for kommunen.

Kontrollutvalet må ta stilling til tilbodet som er levert.